



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Samfunnshuset i Volda
Dato: 02.03.2017
Tid: 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenter
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Hild Våge, møte kl. 15.20	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik, møte kl. 16.00	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenter
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenter
Jenny Venås	Roald Arnold Espset	FRP
Eivind Olav Indresøvd	Hild Våge	AP



VOLDA KOMMUNE

Ivar-Otto Kristiansen	Sindre Rotevatn	H
Elisabeth Velle Høidal	Per Svein Krøvel	H
Kari Aslaug Hasle	Åshild Vik	SV

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 14/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 15/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 16/17	Planid 2016007. Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020. Handsaming etter høyring
PS 17/17	VTI Fotball - utskifting av kunstgraset på B-bana ved Volda stadion - førehandsgodkjenning - lånegaranti - kommunalt tilskot
PS 18/17	Korrigerings av budsjett 1.kvartal 2017
PS 19/17	Vurdering av syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning
PS 20/17	Hjartåbygda skyttarlag - tilskot til bygging av veg og parkeringsplass
PS 21/17	Oppnemning av temakomitear - Mellombels fellesnemnd Volda og Hornindal kommuner
PS 22/17	Næringsfondet(kraft)- Årsrapportar 2016
PS 23/17	Årsmelding for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 2016
PS 26/17	Orienteringssaker



VOLDA KOMMUNE

- OS 8/17 **Planid 1519-2017001 - Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Jopllassen gbr 19/807, oppstart av planarbeid. Spørsmål om kommunalt tilskot til planarbeid**
- OS 9/17 **Orienteringsnotat om vedlikehold av kunstgrasbanar i Volda**
- OS 10/17 **Rekneskap og rapportering - Utvikling av modeller for identifikasjon og oppfølging av barn av psykisk sjuke og barn av foreldre som misbrukar rusmiddel (2015/2016)**
- OS 11/17 **Informasjon om tilskudd til implementering av velferdsteknologi 2017-2020**
- OS 12/17 **Mellombels ordning med funksjon som assisterande rådmann**
- OS 13/17 **Status Aasenbygget**
- OS 14/17 **Gode vegar AS - orientering om samferdselsprosjekt**
- PS 24/17 **Val i Tussa Kraft AS – 2017**
- PS 25/17 **Oppnemning av styremedlem til AV-senteret AS**
- PS 27/17 **Delegerte saker frå avdelingane**
- DS 22/17 **Mellombels bruksløyve Gbr 12/3**
- DS 23/17 **Rammeløyve, forretningsbygg Gbr 12/59**
- DS 24/17 **Ferdigattest, tilbygg Gbr 15/14**
- DS 25/17 **Rammeløyve, bustad Gbr 17/240**
- DS 26/17 **Rammeløyve, bustad Gbr 17/242**
- DS 27/17 **Rammeløyve, bustad Gbr 17/243**
- DS 28/17 **Ferdigattest Gbr 19/288**
- DS 29/17 **Løyve til tiltak, bustad Gbr 20/151**
- DS 30/17 **Rammeløyve, bustad Gbr 21/158**
- DS 31/17 **Rammeløyve, tilbygg Gbr 30/185**
- DS 32/17 **Ferdigattest, tilbygg gbr 30/352**
- DS 33/17 **Løyve til tiltak, veg Gbr 160/8**



VOLDA KOMMUNE

PS 14/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innleiingsvis i møtet framførte elev ved kulturskulen Hallvard Amdam, to melodiar på fiolin. Hallvard Amdam spelte saman med lærarane Inna Svendsen på fiolin og Einar Opsvik på klaver.

Handsaming:

Innkalling:

Innkalling og sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 23.02.2017. Møtet vart annonsert i «Møre» den 25.02.2017.

Dokument delt ut i møtet og lagt på lesebretta:

Vedlegg til PS 16/17: Fiskeridirektoratet. *Volda kommune Møre og Romsdal – Kommunal planstrategi 2016-2020 – Høyringsuttalelse*, datert 28.02.2017.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Røysting:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Sakliste:

Rådmannen kom med framlegg om å sette orientering om status for Aasen-bygget på saklista.

Røysting:

Saklista, med tillegg frå rådmannen, vart samrøystes godkjent.

PS 15/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 26.01.2017, vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

PS 16/17 Planid 2016007. Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020. Handsaming etter høyring

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 14.02.2017 til kommunestyret

Volda kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 10-1, kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020.

Handsaming:

Øyvind Festø, MDG, kom med slikt framlegg:

Justering i prioritering:

Reguleringsplanen for Rotsetfjora-Scanaområdet leggst på vent til arealdelen av kommuneplanen er ferdig.

Fride Sortehaug kom med slikt framlegg:

Volda Kommunestyre ber administrasjonen prioritere rulleringa av Klimaplan-Handlingsdel i det vidare planarbeidet for 2017.

Røysting (27 røystefore):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Øyvind Festø, MDG, fekk 16 røyster og vart vedteke, 11 røysta imot.

Framlegget frå Fride Sortehaug, V, fekk 26 røyster og vart vedteke, ein røysta imot.

Vedtak i kommunestyret - 02.03.2017:

Volda kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 10-1, kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020.

Reguleringsplanen for Rotsetfjora-Scanaområdet leggst på vent til arealdelen av kommuneplanen er ferdig.

Volda Kommunestyre ber administrasjonen prioritere rulleringa av Klimaplan-Handlingsdel i det vidare planarbeidet for 2017.



VOLDA KOMMUNE

PS 17/17 VTI Fotball - utskifting av kunstgraset på B-bana ved Volda stadion - førehandsgodkjenning - lånegaranti - kommunalt tilskot

Tilråding i formannskapet - 21.02.2017 til kommunestyret:

- 1. Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 2.146. 000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.*
- 2. Garantien vert gjeven på slike vilkår:*
 - a) Garantien er ein simpel kausjon.*
 - b) Garantien gjeld for inntil 10 år*
 - c) Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av sponsormidlar, spelemidlar og refusjon av mva. til anlegget, slik skissert i nedbetalingsplan som fylgjer saka.*
- 3. Pkt. 1 i kommunestyret sitt vedtak i sak 146/16, frå møte den 24.11.2016 vert gjort om inkje .*

Handsaming:

Øyvind Festø, MDG, kom med slikt framlegg:

Tilleggspunkt:

Volda kommune oppmodar VTI til å vurdere ein ny lånegarantisøknad dersom dei ynskjer å nytte granulat av eit slag som ikkje brytast ned til mikroplast i naturen.

Ordføraren kom med framlegg om å sende framlegget til Øyvind Festø over til formannskapet som eiga sak.

Øyvind Festø trekte framlegget sitt.

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 02.03.2017

- 1. Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 2.146. 000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.*
- 2. Garantien vert gjeven på slike vilkår:*
 - a) Garantien er ein simpel kausjon.*
 - b) Garantien gjeld for inntil 10 år*
 - c) Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av sponsormidlar, spelemidlar og refusjon av mva. til anlegget, slik skissert i nedbetalingsplan som fylgjer saka.*
- 3. Pkt. 1 i kommunestyret sitt vedtak i sak 146/16, frå møte den 24.11.2016 vert gjort om inkje .*

Hild Våge møtte kl. 15.20 og Eivind Indresøvde gjekk.



PS 18/17 Korrigerering av budsjett 1.kvartal 2017

Tilråding i formannskapet - 21.02.2017 til kommunestyret:

- 1. Midlane til kvalifiseringstiltak som vart løyvd i k-sak 48/16 (om fordeling av midlar til asyl-, busetjings-, og integreringsarbeidet) på kr 940 000 vert overført til 2017. Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.*
- 2. Vertskommunetilskot i 2017 vert redusert til kr 1 471 603, som følgje av at Volda mottak vert lagt ned med verknad frå 01.03.17. Reduksjon av inntekter vert dekt ved reduksjon av utgifter innafor vertskommunetenestene sine tenesteområde.*
- 3. Tilskotet til Volda næringsforum vert auka frå kr 350.000 til kr 360.000. Finansiering vert ved bruk av kraftfondet.*
- 4. Det vert sett av kr 40.000 til Kontrollutvalet sin disposisjon. Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.*
- 5. Det vert løyvd kr 100.000 til utarbeiding av planprogram vedkomande kryssing av Voldsfjorden (Voldsfjordkryssing AS). Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.*

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 02.03.2017:

- 1. Midlane til kvalifiseringstiltak som vart løyvd i k-sak 48/16 (om fordeling av midlar til asyl-, busetjings-, og integreringsarbeidet) på kr 940 000 vert overført til 2017. Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.*
- 2. Vertskommunetilskot i 2017 vert redusert til kr 1 471 603, som følgje av at Volda mottak vert lagt ned med verknad frå 01.03.17. Reduksjon av inntekter vert dekt ved reduksjon av utgifter innafor vertskommunetenestene sine tenesteområde.*
- 3. Tilskotet til Volda næringsforum vert auka frå kr 350.000 til kr 360.000. Finansiering vert ved bruk av kraftfondet.*
- 4. Det vert sett av kr 40.000 til Kontrollutvalet sin disposisjon. Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.*
- 5. Det vert løyvd kr 100.000 til utarbeiding av planprogram vedkomande kryssing av Voldsfjorden (Voldsfjordkryssing AS). Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.*



VOLDA KOMMUNE

PS 19/17 Vurdering av syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning

Tilråding i formannskapet - 31.01.2017 til kommunestyret:

I komande økonomiplanperiode vert det ikkje innført syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning.

Handsaming:

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik svara på spørsmål frå kommunestyret om saka.

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 02.03.2017

I komande økonomiplanperiode vert det ikkje innført syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning.

PS 20/17 Hjartåbygda skyttarlag - tilskot til bygging av veg og parkeringsplass

Tilråding i Formannskapet - 14.02.2017 til kommunestyret

Volda kommune syner til søknad d.s. 13. januar 2017 frå Hjartåbygda skyttarlag v/Hogne Homberset om støtte til bygging av veg og parkeringsplass.

Kommunen finn ikkje å kunne imøtekome søknaden om dekning av årleg grunnleige. Kommunen finn heller ikkje å kunne imøtekome søknaden om tilskot på kr. 300.000,-.

Handsaming:

Odd Harald Sundal, SP, kom med slikt framlegg:

Volda kommunestyre ser positivt på aktiviteten rundt Hjartåbygda Skyttarlag, og løyver 300.000 kr. I tilskot til å opparbeide vegen til skytebane. Dette for at tildelte tippemidlar skal bli utløyst. Inndekning frå ubundne driftsfond.

Odd A. Folkestad, FrP, kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Formannskapet inviterer Hjartåbygda skyttarlag til eit møte der dei blir bedne om å orientere nærare om prosjektet.

Formannskapet vurderer om dei med bakgrunn i denne orienteringa vil endre si innstilling i



VOLDA KOMMUNE

saka.

Endeleg avgjerd vert å handsame i Kommunestyret i april.

Røysting (27 røysteføre):

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 02.03.2017

Saka vert utsett.

Formannskapet inviterer Hjartåbygda skyttarlag til eit møte der dei blir bedne om å orientere nærare om prosjektet.

Formannskapet vurderer om dei med bakgrunn i denne orienteringa vil endre si innstilling i saka.

Endeleg avgjerd vert å handsame i Kommunestyret i april.

PS 21/17 Oppnemning av temakomitear - Mellombels fellesnemnd Volda og Hornindal kommuner

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 14.02.2017 til kommunestyret:

Leiar Jon Tvinnereim.

Heraldikk/namn - frå Volda kommune:

Kari Hasle og Odd A. Folkestad.

Til organisasjonsutval - frå Volda kommune:

Jørgen Amdam, Rebecca Riise Bjercknes og Arild Iversen.

Vara: Dan Helge Bjørneset og Hild Våge.

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 02.03.2017:

Leiar Jon Tvinnereim.

Heraldikk/namn - frå Volda kommune:

Kari Hasle og Odd A. Folkestad.

Til organisasjonsutval - frå Volda kommune:

Jørgen Amdam, Rebecca Riise Bjercknes og Arild Iversen.

Vara: Dan Helge Bjørneset og Hild Våge.



VOLDA KOMMUNE

PS 22/17 Næringsfondet(kraft)- Årsrapportar 2016

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 14.02.2017 til kommunestyret

Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2016 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegg i denne saka.

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 02.03.2017:

Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2016 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegg i denne saka.

PS 23/17 Årsmelding for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 2016

Tilråding i Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne - 20.02.2017 til kommunestyret:

Årsmelding 2016 for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert teken til vitende.

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Årsmelding 2016 for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 02.03.2017

Årsmelding 2016 for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert teken til vitende.



VOLDA KOMMUNE

PS 26/17 Orienteringssaker

OS 8/17 Planid 1519-2017001 - Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplussen gbr 19/807, oppstart av planarbeid. Spørsmål om kommunalt tilskot til planarbeid

OS 9/17 Orienteringsnotat om vedlikehold av kunstgrasbanar i Volda

OS 10/17 Rekneskap og rapportering - Utvikling av modeller for identifikasjon og oppfølging av barn av psykisk sjuke og barn av foreldre som misbrukar rusmiddel (2015/2016)

OS 11/17 Informasjon om tilskudd til implementering av velferdsteknologi 2017-2020

OS 12/17 Mellombels ordning med funksjon som assisterande rådmann

OS 13/17 Status Aasenbygget

Rådmannen orienterte om status for Aasen-bygget ved Høgskulen i Volda. Volda kommune har avlyst konkurransen, bakgrunnen for dette er at det ikkje er mogleg å ha dagleg drift i bygget medan bygg- og rehabiliteringsarbeidet pågår. Leige av mellombelse lokale vert for kostbart og arbeidet vert dermed utsett til høgskulen har flytta ut av bygget (etter 2020).

Åshild Vik møtte kl. 16.00 og vara Kari Hasle gjekk.

OS 14/17 Gode vegar AS - orientering om samferdselsprosjekt

Svein Sunde orienterte om Gode Vegar AS sitt arbeidet med ulike samferdselsprosjekt. Han delte ut dokumenta:

- *Ny heilårsveg over Strynefjellet og til Geiranger*
- *Riksvei 15: Flaskehals eller framtidsvei*

PS 24/17 Val i Tussa Kraft AS - 2017

Tilråding i valnemnda - 02.03.2017 til kommunestyret:

Volda kommunestyre nominerer følgjande styremedlemer til Tussa Kraft AS (ei kvinne og ein mann, Ingrid Opedal som medlem og Ottar Bjørkedal som varamedlem, for to år.

Handsaming:

Dan Helge Bjørneset kom med slikt framlegg:

Medlem:

Sindre Rotevatn

Vara:



VOLDA KOMMUNE

Hege Karete Hamre.

Røysting medlem:

Det var skriftleg røysting:

Sindre Rotevatn fekk 16 røyster og vart vald som medlem. Ingrid Opedal fekk 11 røyster.

Handsaming:

Bjørn Ytrestøyl kom med framlegg om Ingrid Opedal som varamedlem.
Bjørn Ytrestøyl trekte framlegget sitt.

Røysting varamedlem:

Det var skriftleg røysting:

Ottar Bjørkedal fekk 4 røyster
Hege Karete Hamre fekk 21 røyster
To røysta blankt

Vedtak i Kommunestyret - 02.03.2017

Volda kommunestyre nominerer følgjande styremedlemmer til Tussa Kraft AS (ei kvinne og ein mann) Sindre Rotevatn som medlem og Hege Karete Hamre som varamedlem for to år.

PS 25/17 Oppnemning av styremedlem til AV-senteret AS

Tilråding i valnemnda - 02.03.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret vel Margrete Trovåg til nytt styremedlem i AV-senteret AS.

Handsaming:

Sølvi Dimmen kom med slikt framlegg:

Stig Flåskjer.

Røysting:

Det vart røysta skriftleg og alternativt mellom tilråding frå valnemnda og framlegget frå Sølvi Dimmen. Stig Flåskjer fekk 15 røyster og vart vald. Margrete Trovåg fekk 12 røyster.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Kommunestyret - 02.03.2017

Kommunestyret vel Stig Flåskjer til nytt styremedlem i AV-senteret AS.

PS 27/17 Delegerte saker frå avdelingane

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.

DS 22/17 Mellombels bruksløyve Gbr 12/3

DS 23/17 Rammeløyve, forretningsbygg Gbr 12/59

DS 24/17 Ferdigattest, tilbygg Gbr 15/14

DS 25/17 Rammeløyve, bustad Gbr 17/240

DS 26/17 Rammeløyve, bustad Gbr 17/242

DS 27/17 Rammeløyve, bustad Gbr 17/243

DS 28/17 Ferdigattest Gbr 19/288

DS 29/17 Løyve til tiltak, bustad Gbr 20/151

DS 30/17 Rammeløyve, bustad Gbr 21/158

DS 31/17 Rammeløyve, tilbygg Gbr 30/185

DS 32/17 Ferdigattest, tilbygg gbr 30/352

DS 33/17 Løyve til tiltak, veg Gbr 160/8

Møtet slutt kl. 17:20

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
03.03.2017

Sonja Håvik
konsulent